

## KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/49/40

av 24. mars 2003

**om endring av vedtak 2000/45/EF med omsyn til kor lenge miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til vaskemaskiner skal gjelde***(meldt under nummeret K(2003) 218)*

(2003/240/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 1,

etter å ha rådspurt Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for.
- 4) Som følgje av den nye vurderinga av kommisjonsvedtak 2000/45/EF<sup>(2)</sup> bør tidsrommet som desse miljøkriteria gjeld for, lengjast med tre år.

5) Vedtak 2000/45/EF bør difor endrast.

6) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt ved artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

Artikkel 3 i vedtak 2000/45/EF skal lyde:

*«Artikkel 3*

Definisjonen av og kriteria for produktgruppa skal gjelde frå den dagen det vert gjeve melding om dette vedtaket og fram til 30. november 2005. Dersom det 30. november 2005 ikkje er gjort noko nytt vedtak om definisjonen av og kriteria for denne produktgruppa, skal dette vedtaket gjelde anten fram til 30. november 2006 eller inntil den dagen då det nye vedtaket vert vedteke, alt etter kva tidspunkt som kjem først.»

*Artikkel 2*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 24. mars 2003.

*For Kommisjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 89 av 5.4.2003, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 124/2003 av 26. september 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se *EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende* nr. 64 av 18.12.2003, s. 30.

(<sup>1</sup>) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(<sup>2</sup>) TEF L 16 av 21.1.2000, s. 74.